



Sunnmøre
friluftsråd

REFERAT STYREMØTE 4/24 I SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Tid: onsdag 11. desember 2024 kl. 18.00 – 20.30

Stad: Sunde Fjordhotell, Sula

Oppmøte: 14 av 17 styremedlemmar møtte:

Kommune	Styremedlemmar
Fjord	Eva Hove - leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Annika Brandal
Sande	Sindre Slettestøl
Stranda	Bodil Tronstad Lie
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Sykkylven	Sveinung Vemøy
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Annlaug Stokke
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Ålesund	Unni Kristin Wiik (vara for Ole Grebstad)
Tilsettrepr.	Hilde Ellingsæter (vara for Christer Lundberg Nes)

Forfall utan vara: John Willy Klungre (Vanylven), Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy), Guttorm Andreas Kjerstad (Haram)

Andre til stades: Dagleg leiar Anne B. Emblem, prosjektleiar marin forsøpling Linda Bakken, og skipper Skjærgårdstjenesten i Fjordane Friluftsråd Lasse Lund.

Saksliste:

Saksnummer:	Tittel:
Sak 25/24	Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte 3/24
Sak 26/24	Faste orienteringspostar
Sak 27/24	Lokale lønnsforhandlingar 2024 – orientering om resultat
Sak 28/24	Ryddeprosjekt marin forsøpling 2024 og 2025 – orientering om ryddearbeidet på Sunnmøre
Sak 29/24	Fornyng av samarbeidsavtala Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal
Sak 30/24	Friluftslivets år 2025
Sak 31/24	Status økonomi november 2024. Vedtak budsjett 2024 og 2025
Sak 32/24	Kontingent Sunnmøre friluftsråd
Sak 33/24	Representantskapsmøtet 2025 (årsmøte): Dato og stad

friluftsradet.no

50 år
1974-2024

Sak 25/24: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte

Innkallinga vart sendt i november, og saklista vart sendt ut 9. desember 2024.
Vedlegg [referat frå styremøte 3/24](#) (lenke)

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend. Referat frå styremøte 3. oktober 2024 vert godkjend. Styreleiar og styremedlem Jan Ove Skodje skal godkjenne møterefaterat frå styremøte 4/24.

Sak 26/24: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterer om aktuelle saker og framdrift sidan sist styremøte:

- Friluftsråda i fylket er tildelt Miljøprisen i Møre og Romsdal 2024 [Lenke til sak i MRFK](#)
- Status i ryddeprosjekta innan Marin forsøpling (sjå eiga sak)
- Status i nokre aktivitetsprosjekt (bl.a. Stikk UT!, Innvandrarprosjektet)
- Midlar frå FL i samband med Friluftslivets år 2025 er 1,2 mill. fordelt på 4 prosjekt
- Omsøkte midlar til Møre og Romsdal FK innan fristen 1. desember
- Generell status personalsituasjonen internt og status innføring av PowerOffice
- Bygging av heilheitleg sikkerheitsstyringssystem etter mal frå Fjordane friluftsråd. Skipper Lasse Lund frå Fjordane friluftsråd deltok og orienterte.

Vedtak: *Styret tek orienteringane til vitande.*

Sak 27/24 Lønnsforhandlingar internt 2024 – orientering om resultat

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd er medlem av Samfunnsbedriftene og følger Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i kommunal sektor. Budsjett for lønnsauke er innarbeidd i budsjett 2024. Dagleg leiar og styreleiar har gjennomført forhandlingar med dei tilsette 2. desember 2024. Alle tilsette fekk lønnsauke på 5,2% med verknad frå 1. mai 2024. 5,2% er i samsvar med Hovudoppgjeret i KS HTA. Samla sum lønnsauke for tilsette i 2024 utgjer 266.606 kr. Ein tilsett fekk stillingsendring. Arbeidsutvalet i styret (lønsutvalet) gjennomførte 3. desember 2024 årleg lønsvurdering for dagleg leiar.

Vedtak:

Styret tek orienteringa om resultatet av lønnsforhandlingane for tilsette i Sunnmøre friluftsråd 2024 til vitande.

Sak 28/24 Ryddeprosjekt marin forsøpling 2024 og 2025 – orientering om ryddearbeidet på Sunnmøre

Kort om saka:

Styret fekk ei nærare orientering om prosjekta i møtet ved Linda Bakken, om kva område som er rydda, og planen for rydding i 2025. Det vert også orientert om søknadskjelder og forventa nedgang i midlar frå Handelens Miljøfond i åra som kjem.

Friluftsrådet arbeider kontinuerleg med ryddeprosjekt, finansiert av Handelens Miljøfond og Miljødirektoratet. I 2024 har vi hatt fire prosjektfinansierte aksjonar i gang, med ei

prosjektstøtte på 4,6 mill. Friluftsrådet har involvert om lag 150 lag og organisasjonar i ryddeprosjekta som har fått motivasjonsmidlar for arbeidet.

Rydd Grytafjorden har vore eitt av dei intensive prosjekta hausten 2024. Med totalt 3.400 arbeidstimar har Sunnmøre friluftsråd og skjergardstenesta, saman med 33 frivillige lag og foreiningar, rydda 10 tonn marint søppel på begge sider den fem mil lange fjorden:



Kart over Grytafjorden som er rydda i 2024.

Vedtak:

Styret tek informasjonen om prosjekta innan marin forsøpling i friluftsrådet til vitande.

Sak 29/24 Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal, fornying samarbeidsavtale 4 år

Kort om saka:

Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal arbeider med tilrettelegging, drift og skjøtsel av offentleg eigde sjøbaserte friluftslivsområde (statleg sikra friluftsområde). I tillegg bistår dei i arbeidet mot marin forsøpling, og er ein viktig samarbeidspartnar for Statens Naturoppsyn. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er driftsområde 8 i landet, og vart etablert i fylket i 2018/19. Skjærgårdstjenesten er eit spleiselag mellom Staten (Miljødirektoratet), fylkeskommunen og medlemskommunane til dei to friluftsråda i fylket. Dei fire partane er representerte i eige driftsstyre for tenesta. [Samarbeidsavtalen for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal](#) vart formelt undertekna i juni 2021 for fire år, og skal no fornyast juni 2025. Dersom nokon av partane ynskjer å seie opp avtalen, må dette varslast innan januar. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal har dette oppe til vurdering.

Det vert for øvrig vist til tidlegare styresak 21/24 m.v. om kjøp av ny arbeidsbåt.

Vedtak:

Styret ser at friluftsrådet har stor nytte av skjergardstenesta i sitt heilheitlege arbeid for tilrettelegging av friluftsområde og arbeidet mot marin forsøpling, og ønsker å vidareføre samarbeidsavtalen mellom dei fire partane i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal for ein ny fireårsperiode.

Sak 30/24 Friluftslivets år 2025

Kort om saka:

Dagleg leiar informerte om planar for friluftslivets år i kommunane på Sunnmøre i 2025. Fleire av arrangementa vil SF arrangere i samarbeid med DNT Sunnmøre. SF sender brev til alle kommunane med informasjon om arrangementa og anna relevant informasjon. Felles datoar med heile landet som også Sunnmøre skal markere:

- Hele Norge Båler laur. 18. januar (utearrangement 27 plassar på Sunnmøre kl. 13-15)
- Finn din friluftsglede – foredrag på bibliotek i kommunane på Sunnmøre i mars/april
- Inspirasjonsdagar på vidaregåande skular på Sunnmøre i august
- Hele Norge Går på Tur 10. oktober
- Frivillighetens dag 5. desember

Friluftslivets uke i september kjem i tillegg, desse arrangementa er ikkje saman med DNT.

Vedtak:

Styret tek informasjonen om Friluftslivets år 2025 på Sunnmøre på til orientering.

Sak 31/24 Status økonomi 30. november 2024. Vedtak budsjett 2024 og 2025

Kort om saka:

Resultatrekneskap Sunnmøre friluftsråd periode januar-november 2024 samanlikna med same periode i 2023 var vedlagt. Regnskapet pr. 30.11.24 viser eit overskot på kr 662.857 hittil i år, for same periode i fjor var driftsresultatet kr. 1.277.769. Dette er ein reduksjon på kr. 614.912. Samla driftsinntekter hittil i 2024 er kr 15.085.505, ein nedgang på 5% frå same periode i fjor. Samla driftskostnader hittil i 2024 er kr. 14.442.648, ein liten nedgang på 1% frå same periode i fjor. Lønnskostnad hittil i år er kr. 7.661.464, mot 7.047.911 for same periode i fjor.

Budsjett 2024 og budsjett 2024 etter kommunale regnskapsprinsipp

Det vert vist til sak 22/24 om at regnskapsføringa må leggst om etter kommunale prinsipp, jf. Økonomiforskriften for kommuner. Sunnmøre friluftsråd må godkjenne budsjett 2024 og 2025 innan årsskiftet. Dette er framleis under arbeid, det var møte mellom Sunnmøre friluftsråd, Økonomiservice AS og Møre og Romsdal Revisjon SA 26. november. Styret må vedta budsjetta via e-post (skriftleg styrehandsaming) før nyttår.

Vedtak:

Styret tek status økonomi pr. 30. november 2024 til orientering.

Styret får nødvendig budsjett- og økonomibehandling som skriftleg styrehandsaming (e-post) før nyttår, ført etter kommunal rekneskapsskikk.

Sak 32/24 Kontingent Sunnmøre friluftsråd

Kort om saka:

Medlemskontingenten utgjør 18-20 % av driftsinntektene for Sunnmøre friluftsråd. Kommunane «får samla sett igjen» 5 kr i prosjekt/aktivitet pr krone av medlemskontingenten. Alt frivillig arbeid friluftsrådet engasjerer kjem i tillegg. Årsmøteprotokollane viser slik endring i kontingenten 2016-2025: 2016 kr. 15,00 per innbyggjar, 2018 kr. 18,36 per innbyggjar, 2021 kr. 19,47 per innbyggjar, 2023 kr. 20,26 per innbyggjar og 2025 kr. 21,63 per innbyggjar. Styret innstiller til representantskapet i april om medlemskontingenten for 2026.

Vedtak:

Styret vil innstille til rep.skapet at medlemskontingenten for 2026 ikkje skal aukast. Styret vil vere lydhøyr for innspel frå medlemskommunane.

Sak 33/24 Representantskapsmøte 2025: Dato og stad

Kort om saka:

Styremøtet vedtek dato for representantskapsmøtet (årsmøtet) 2025. Staben har sjekka datoar for formannskap- og kommunestyre i medlemskommunane for å unngå kollisjon. Styret vedtek også stad/kommune for representantskapsmøtet 2025. Dei siste åra har møta vert lagt til Vestnes, Sula, Ulstein, Volda, Ørsta, Stranda, Haram. Jubileet 2024 var i Ålesund.

Dagleg leiar sender vi innkalling til representantskapsmedlemmane/ kommunane (Oversikt representantskapsmedlemmar 2024-2027 [her](#)) Fire medlemskommunar (Herøy, Stranda, Sula, Vestnes) har styrerepresentantar på val, og må også få beskjed om frist for val/gjenval.

Vedtak:

Representantskapsmøtet 2025 vert onsdag 2. april kl. 18-21, med synfaring kl. 17. Lokasjon for møtet i 2025 er Giske kommune og for 2026 er Hareid kommune. Styremøte fire veker i forkant vert tirsdag 4. mars.

Sak 34/24 - etterbehandling

Jf. sak 31/24: Ny sak 34/24 vert i etterkant av styremøtet skriftleg styrebehandla i veke 51, dette gjeld godkjenning av Budsjett 2024 ført etter kommunal rekneskapsstandard.

Referent

Dagleg leiar Anne B. Emblem

Godkjenning av møtereferat 4/24 (digital signatur)

Styreleiar Eva Hove

Styremedlem Jan Ove Skodje

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 5 pages before this page
Dokumentet inneholder 5 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 5 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 5 sider før denne side

Detta dokument innehåller 5 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende